

# MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Utval for levekår	18.01.2011	SFF	010/11

<b>Avgjerd av:</b> Utval for levekår	<b>Ansv.</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbeh.:</b> Stein F. Flataker	SFF	N-215	11/73

### HØYRINGSSAK - KULTURSKOLELØFTET - KULTURSKOLE FOR ALLE

#### Saksutgreiing:

Den 22. desember 2009 oppnemnde Kunnskapsdepartementet eit utval som mellom anna skulle sjå nærare på dei utfordringane og mogelegheitene som ligg i eit styrka samarbeid mellom kulturskulen, grunnskulen og SFO, og gje forslag til korleis ulike kulturskuleaktivitetar og andre kulturaktivitetar betre kan verte lagt inn i tilknytning til skuledagen.

Arbeidet til utvalet vart sett i verk på bakgrunn av punkt 4 i Kulturløftet 2:

1. *Kulturskole for alle barn som ønsker det*

*Vi ønsker en sterk satsing på kulturskolene. Det er i dag ikke nok plasser til alle som ønsker å gå i kulturskole. Mange steder i landet er det lange køer. Vi mener derfor at tilbudet skal bygges ut og at målet skal være at kulturskolene skal være for alle. Vi mener at alle barn i Norge som ønsker det, skal få tilbud om plass i kulturskolen med rimelig egenbetaling.*

Utvalet vart beden om å synleggjere ulike alternativ som bidreg til å sikre eit forsterka og likeverdig kulturskuletilbod for fleire born til ein rimeleg pris, med god kvalitet og ei effektiv utnytting av ressursane. Utvalet overrakk 7. september 2010 rapporten "Kulturløftet – kulturskole for alle" for statsråden.

Kunnskapsdepartementet inviterer no til ei brei høyring for å gje flest mogeleg instansar høve til å uttale seg om rapporten.

Meland kommune har ein relativt stor kulturskule etablert i 1992 med omlag 300 elevplassar og i omlag 4,5 stillingsheimlar (15 tilsette).

## **Vurdering:**

Kulturskuleaktiviteten kan bidra til auka mangfald og trivsel på skulen. På same tid vil kulturskuleaktivitet i skule/SFO-tid gje born meir tid til familie og andre aktivitetar på sein ettermiddags- og kveldstid og fri foreldre opp frå skyss.

Meland kommune meiner det må lagast smidige ordningar som gjer kulturskuleundervisning i skuletid enklare og den vidare utviklinga av feltet må ikkje berre gjelde småskulealder, men gjelde i heile barne- og ungdomsperioden. Det må og leggst betre til rette for kombinerte stillingar, for å kunne lage store stillingar og med det sikre kompetanse lokalt

## **Elevtal lokalt og nasjonalt:**

Meland kulturskule har ein høg dekningsgrad og er i nærleiken av den nasjonale målsetjinga om kulturskuleplass til 30% av grunnskuleelevane; med per 7. januar 2011 280 elevplassar. Det er no 186 elevar på venteliste, 68 av desse har ingen tilbod og har søkt innan fristen. Me er redd ventelista ikkje er realistisk, særleg på slagverk og gitar er ventelista så lang (og så stillestående) at ein kanskje har slutta å søke. Ventelista har auka dramatisk dei siste åra. GSI-tala for skuleåret 2009/2010 viser at det er 109 323 elevplassar i norske kulturskular av omlag 615 000 grunnskuleelevar. Dvs at på landsbasis 14,8% av grunnskuleelevane har ein kulturskuleplass.

## **Statlege stimuleringsmidlar:**

Meland kommune er samd i kulturskuleutvalet sitt forslag om at det vert etablert statlege stimuleringsmidlar og utviklingsmidlar, utviklingsmidlar etter søknad, og stimuleringsmidlar til alle etter ein fordelingsnøkkel.

Stimuleringsordninga bør gje optimal kommunal sjølvråderett, men staten må i større grad bidra til utviklinga av eit kvalitativt godt og sosialt inkluderande kulturskuletilbod i alle kommunar.

## **Verdien av kulturskulen:**

Kulturskulen er eit viktig element i eit trygt oppvekstmiljø og bør vere eit kommunalt tilbod som alle som vil kan nytte seg av. Meland kulturskule vil vere ein stad der barn og unge kan leike, kjenne seg som ein del av eit positivt fellesskap, bli kjend med eigne skapande krefter og få kunnskap formidla gjennom møte med kunstnarar og pedagogar. Forsking hevdar at opplæring i kunstnariske fag aukar språkleg dugleik, generell motivasjon og lærelyst, framhever løysingsorienterte haldningar og gjev sosial integrering; viktige faktorar for personlegdomsutvikling, sjølvbilette, danning og livslyst. Det finnst grunn til å påstå at er eit viktig og stort aktivitetstilbod til born og unge utanom ordinær skuletid, og kan difor og sjåast på som eit monaleg førebyggjande tiltak.

## **Forskrift:**

Frå 2014 bør det finnst nasjonale forskrifter i tråd med forslaget til kulturskuleutvalet. Lovfestinga av kulturskulane (vedteken 1997) i opplæringslova §13-6 var ein viktig milepel, men dessverre altfor lite konkret (*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles*) Forskriftene må gje retning og føringar for innhald, kvalitet og volum.

Meland kommune ønsker å bidra med konkrete forslag dersom departementet startar arbeid med å utvikle forskrift, dersom ønskeleg.

**ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

”Meland kommune v/Utval for levekår, godkjenner høyringspunkta som er lista opp i vurderinga i denne saka.”

18.01.2011 UTVAL FOR LEVEKÅR

**ULK-010/11 SAMRØYSTES VEDTAK:**

”Meland kommune v/Utval for levekår, godkjenner høyringspunkta som er lista opp i vurderinga i denne saka.”

**Rett utskrift**

**Dato:**

**Kopi til:**

Kunnskapsdepartementet